

# FORSKRIFT OM REVIDERTE VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO) I STORD KOMMUNE, jamfør opplæringslova § 13-7



Innhaldet i desse vedtektene vart endra av kommunestyret 21.06.2022.

Vedtektene gjeld frå 15.08.2022.

## § 1. FØREMÅL

Skulefritidsordning (SFO) er eit inkluderande, omsorgs- og fritidstilbod for elevar på 1.-4. trinn i grunnskulen. I tillegg gjeld ordninga også for elevar med særskilte behov på 5.-7. trinn. Tilbodet vert gitt utanom den obligatoriske skuledagen.

Innhald og aktivitet skal ha hovudvekt på leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hjå barna. SFO kan og ha ei læringsstøttande rolle. Funksjonshemma elevar skal gjevast gode utviklingsvilkår.

## § 2. EIGARTILHØVE OG STYRE

Kommunen er eigar og ansvarleg for drifta ved dei kommunale SFO-ordningane.

Samarbeidsutvalet ved skulen er SFO sitt styre. I saker som gjeld SFO vert utvalet utvida med ein representant for dei tilsette i SFO og ein foreldrerepresentant. Dei har då møte-, tale- og stemmerett.

## § 3. LEIING OG BEMANNING

Rektor har det administrative, faglege, pedagogiske og økonomiske ansvaret for SFO ved sin skule. Innanfor dei rammene som brukarbetalinga gir, kan rektor setja av ressursar til ein koordinator/leiar for SFO.

SFO-leiar deltek på samarbeidsmøte ved skulen i saker som gjeld SFO primært, og i saker som tilsette i SFO må kjenna til.

Rettleiande bemanningsfaktor er 15 barn per tilsett. SFO for funksjonshemma barn og/eller for barn med særlege behov kan ha høgare bemanningsfaktor.

Dei som skal arbeida i SFO må leggja fram politiattest.

## § 4. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

Dei kommunale SFO-ordningane disponerer ute- og inneareal som er eigna til føremålet ved den enkelte skule.

## § 5. OPNINGSTID

Kommunen har ordinært SFO-tilbod før og etter skuletid for 1.-4. trinn og for barn med særlege behov på 1.-7. trinn. Opningstida er kl. 6:45-16:15 (måndag-fredag). Tilbodet fylgjer skuleåret.

SFO-ordningane er stengde helge- og høgtidsdagar, samt jul- og nyttårsafta. Onsdag før Skjærtorsdag er SFO-ane opne til kl. 12:00.

Når tilsette i SFO deltek på skulen sine planleggingsdagar, er SFO-ordningane stengde.

I tillegg til ordinært SFO-tilbod gir kommunen tilbod om SFO på undervisningsfrie dagar. Oversyn over undervisningsfrie dagar finn ein i skuleruta. Sommar-SFO er eit tilbod frå skulen sluttar i juni og til skulen byrjar att i august. Desse tilboda gjeld for eitt skuleår om gongen, og er samlokalisert på ein av barneskulane i kommunen.

## § 6. OPPTAK

Rektor har mynde til å fatta vedtak om opptak i ordinær SFO ved sin skule og til SFO på undervisningsfrie dagar og sommar-SFO. Den kommunale klagenemnda er klageinstans.

Føresette søker om ordinært SFO-tilbod på skulen der barnet deira er skrive inn. Søknadsskjemaet er elektronisk og ligg på kommunen si nettside. Førsette til elevar med særlege behov på 5.-7. trinn brukar og dette søknadsskjemaet.

Kommunen har eit hovudopptak til ordinært SFO-tilbod med søknadsfrist 1. april, og deretter opptak ved ledige plassar.

### Prioritet ved opptak

1. Elevar på 1. og 2. trinn
2. Elevar med særskilte behov
3. Elevar på 3. og 4. trinn

Føresette kan i tillegg søkja om SFO på undervisningsfrie dagar og sommar-SFO. Det er eige søknadsskjema for dette på kommunen si heimeside. Søknadsfristen er 1. april.

## § 7. ENDRING OG OPPSEIING AV SFO-PLASS

I skuleåret gjeld ein gjensidig oppseiingsfrist på to månader frå den 1. i påfølgjande månad. Oppseiing og endring av SFO-tilbodet skal vera skriftleg. Det må betalast for heile oppseiingstida, og for unytta plass. Dette gjeld og for plass i SFO på undervisningsfrie dagar og/eller på sommar-SFO.

Føresette kan søkja om sommar-SFO og SFO på elevfrie dagar. Søknadsfristen er 1. april. Tilbodet om sommar-SFO og/eller SFO på skulefrie dagar vert gitt for eitt skuleår ved ein av barneskulane i kommunen.

## § 8. FERIE

Barna skal ha minst fire veker ferie i løpet av eit skuleår. Tre av vekene skal vera samanhengande og avviklast innanfor tidsrommet som skulen er sommarstengd.

## § 9. FORELDREBETALING

Kommunestyret fastset årleg satsar for foreldrebetaling for plass i SFO. Betaling for mat kjem i tillegg. Kvar SFO fastset sjølv satsar for matpengar i forhold til sjølvkost. Det er høve til å ta ekstra betaling til turar og utflukter.

Det skal betalast for ordinær SFO i 10 månadar. Juli er betalingsfri, og ein betalar for halve juni og halve august.

Kommunen kan belasta fakturagebyr for å dekkja administrasjonskostnad til utsending av papirfaktura. For å unngå dette må ein oppretta e-faktura.

For sein betaling vil føra til morarente.

Ved vesentleg misleghald, dvs. etter tre månadar manglande betaling, skal føresette få tilbod om betalingsavtale. Om ein ikkje vert einig om betalingsavtale, vil uteståande beløp verta kravd i samsvar med gjeldande lovverk.

Kommunen skal etter søknad gi redusert foreldrebetaling i SFO til foreldre til elevar på 1. til 4. trinn, om prisen for SFO overstig 6 % av hushaldets inntekter det siste året.

Kommunen skal også gi redusert foreldrebetaling om det er ein varig nedgang i hushaldets inntekter i inneverande år, som gjer at foreldrebetalinga for eitt skuleår utgjer meir enn 6% av hushaldets inntekter.

Elevar med særlege behov har gratis SFO på 5.-7.trinn.

Kommunestyret innførte i samband med budsjettvedtaket for 2021 søskenmoderasjon i SFO. For å få rett til søskenmoderasjon må, søsken bu i same hushald.

Søskenmoderasjon vert rekna ut etter kva plasstype det enkelte barn har. Han vert berekna slik:

For første barn må du betala vanleg pris

For barn nummer to får du 30 prosent søskenmoderasjon

For barn nummer tre og oppover får du 50 prosent søskenmoderasjon

Merk at du ikkje treng søkja om søskenmoderasjon. Han vert berekna automatisk.

### Tilbod og satsar for 2. til 4. trinn:

#### Ordinært tilbod og satsar

	<i>Tilbod i prosent</i>	<i>Satsar per månad 2022</i>
Fem dagar i veka kl. 6:45 - kl. 16:15	100 %	Kr. 3 343
Fem dagar i veka frå skuleslutt til kl. 16:15	80 %	Kr. 2 762
Fire dagar i veka kl. 6:45 - kl. 16:15	80 %	Kr. 2 762
Fire dagar i veka frå skuleslutt til kl. 16:15	60 %	Kr. 2 101
Fem dagar i veka kl. 6:45 til skulestart	50 %	Kr. 1 811
Turnus: To heile veker kvar månad kl. 6:45 - kl. 16:15	50 %	Kr. 1 811

#### SFO på skulefrie dagar, sommar-SFO og satsar

	<i>Satsar 2022</i>
SFO på skulefrie dagar	Kr. 3 796

Sommar-SFO i juni	Kr. 1 562
Sommar-SFO i august	Kr. 2 346

### Tilbud og satsar for 1. trinn:

#### Ordinært tilbud og satsar 1. trinn

	<i>Tal timar per veke</i>	<i>Satsar per månad 2022</i>
Gratis kjernetid*	12 timar	0
Gratis kjernetid utvida med morgon-SFO	20 timar og 45 minutt	Kr. 1 181
Gratis kjernetid utvida med ettermiddags-SFO	16 timar	Kr. 540
Gratis kjernetid utvida med morgon- og ettermiddags-SFO	24 timar og 45 minutt	Kr. 1 721

\*Gratis kjernetid vert gitt rett etter skuleslutt med 2,5 timar måndag til torsdag og 2 timar på fredag.

#### SFO på skulefrie dagar, sommar-SFO og satsar 1. trinn

Elevar på 1. trinn har rett til fritak for betaling for 12 timar SFO per veke. Her er satsar etter fråtrekk:

	<i>Satsar 2022</i>
SFO på skulefrie dagar	Kr. 3 289
Sommar-SFO i juni	Kr. 1 167
Sommar-SFO i august	Kr. 1 753

### § 10. ENDRING I VEDTEKTENE

Det er kommunestyret som godkjenner/endrar vedtektene til skulefritidsordninga i Stord kommune.